

Kort rettleiar

- 1) Skriv teksta slik ho står. Inkluder dialekt og skrivefeil, binde- og tankestrekar.
- 2) Marker sidetal [s. 1], [s. 2], osb. på eiga line.
- 3) Skriv ä, ö, ü, aa som æ, ø, u, aa.
- 4) Tast lineskift kvar gong det gjerast i teksta, og berre då.
- 5) All tekst skal vera venstrestilt, ikkje legg til ekstra mellomrom eller shift.
- 6) Legg til metadata
- 7) Lagre, og fullfør når du er ferdig.

Transkripsjonsrettleiar

Å skrive av spørjelistesvar hjå Norsk etnologisk gransking

Bokstavar og ord skal skrivast bokstavrett.

Ein skal ivareta bokstavar, feilstavingar, målform og dialektord slik dei er skrivne.

Hovudregelen er å attgje teiknsettinga slik meddelaren har skrive dei. Dette gjeld punktum, komma, kolon, binde- og tankestrek og andre.

og blir spilt. I seinare tid kjunner ein ikkje høybering med anna enn reip, og da med helder (tjukk l). Reipenden blei knytt innpå heldri, så det blei lykkje å legge høyet i. Ein legg reipet slik at heldri er på andre sia av børi enn der beraren står.

og blir spilt. I seinare tid kjunner ein ikkje høybering med anna enn reip, og da med helder (tjukk l). Reipenden blei knytt innpå heldri, så det blei lykkje å legge høyet i. Ein legg reipet slik at heldri er på andre sia av børi enn der beraren står.

Tast Ø og U

som vanleg bokstav på tastaturet når dei har har tødler eller strek over seg.

høykøyring

høykøyring

bustband

bustband

Sitatteikn eller anførselstegn (gåseauge)

Transkribert sitatteikn eller anførselstegn (gåseauge) slik det kjem automatisk i din tekstlesar.



NORSK FOLKEMUSEUM
Museumsveien 10
Pb 720 Skøyen
N-0214 Oslo

DIGITALISERING
AV NORSKE
TRADISJONSARKIV

Norsk
etnologisk
gransking

Dei laut „synge“.

Dei laut «synge»
Dei laut "synge"

Understrekingar og overstrekingar

Transkriber under- og overstrekingar med ein enkel understrek eller binestrek framfor ordet eller setninga i skarpe klammer.

og oppå lasset.

og oppå [-lasset]

rekjene og sa: Dotter mi vil manne seg. -
Ho hadde eit belte med tom slire på seg. -

rekjene og sa: «[_Dotter mi vil manne seg]. -
Ho hadde eit belte med tom slire på seg.

Binestrekar og tankestrekar

Alle binde- og tankestrekar transkribertast.

2. Ein var radd framand - Det kunde lig-
gja ein dårlig ærv i ætta - Det kunde.

2. Ein var radd framande – Det kunde lig-
gja ein dårlig ærv i ætta – Det kunde

Av og til er dei markert med =. Dei skal framleist attgjevest med vanleg binestrek -.

Sidetal og spørsmålsnummerering

Marker sidetal på eiga line når ei ny side byrjar, med s. + tal inni skarpe klammer: [s. 2]
Tast spørsmålstalet i same form som meddelaren har skrive dei.

Notat utanfor teksta

Tast notat utanfor teksta i skarpe klammer på éi eiga line. Plasser notat nederst under resten av spørsmålet det står attmed.

Innbydelse skjer
også ofte ved
graven.

[Notat: Innbydelse skjer også ofte ved graven.]

Lineskift

Ein tastar alltid lineskift slik meddelaren har gjort det. Hopp over ei line berre dersom meddelaren har gjort det i primærkjelda.

46. Til midnatt, eller kl. 2-3.

Den nattlege friaren.

47. Det kunne han sakte.

48. Han kom laurdagskveld. Kanskje før
eller etter dei som heldt sjau (bråk).

46. Til midnatt, eller kl. 2-3.

[_Den nattlege friaren.]

47. Det kunne han sakte.

48. Han kom laurdagskveld. Kanskje før
eller etter dei som heldt sjau (bråk)

Alt skal vera venstrestilt

Skriv alt frå venstre til høgre, sjølv om meddelaren har midt- eller høgrestilt teksta si.

5
*Nu. Direkte avtale eller avgjørelse for -
eldre imellom er ukjent, men påvirkning eller
forskjellig slags taktikk for å få til et
ønsket gitemål har nok vært anvendt.
Som f. eks selskapelig omgang.*
6-9
?

5

Nei. Direkte avtale eller avgjørelse for
eldre imellom er ukjent, men påvirkning eller
forskjellig slags taktikk for å få til et
ønsket gitemål har nok vært anvendt.
Som f. eks selskapelig omgang.

6-9

?

Innskotsord over lina

Tast innskotet på same line som resten av teksta der ordet 'høyrer heime'. Ikke marker pila som viser plassering.

33. Dei gjekk saman ettersom dei var kamerater til, men helst
var dei jamlikarar.

33. Dei gjekk saman ettersom dei var kamerater til, men helst var dei jamlikarar.

Teikningar og illustrasjonar

Teikningar og illustrasjonar attgjevest i teksta med skildring i skarpe klammer slik:
[Figur: teikning av figur].

På ein klingelslea gjørde dei lasset med høytong,
Ho var gjort av ei ung kluftbjørk og såg
slik ut:

På ein klingelslea gjørde dei lasset med høytong.

Ho var gjort av ei ung kluftbjørk og såg
slik ut: [Figur: teikning av klingelslea]

Eg greier ikkje lesa ordet

Skriv skarpe klammer med spørsmålsteikn i stadenfor ordet [?] dersom du ikkje greier å tyde ordet.
Skriv skarpe klammer med spørsmålsteikn + di meining [?meining] dersom du trur du har greidd å
tyde ordet, men ikkje er heilt sikker.

Forsøk gjerne først:

- 1) Les heile setninga og sjå om du greier samanhengen
- 2) Zoom så langt inn du greier.
- 3) Samanlikn bokstavane i ordet med tilsvarande bokstavar andre stader i teksta.
- 4) Få hjelp av slekt og vener. To par augo ser betre enn eitt.

Kvífor gjer me det slik?

Handskrift vs dataskrift

Ø med tødlar eller strek over, og U med strek over er vanleg i handskrift. Hermeteikn nede før ordet og oppe etter ordet („syng“) er også handskrift. Desse eigenskapane har ikkje vorte overført til dataskrift, og er heller ikkje vanlege å transkribere.

Dialekt

Me er huga på å både ivareta og granske korleis våre medarbeidarar har nytta dialekta si i skrifa. Difor ynskjer me både å fange opp mest mogleg av også all skrift som går utom normert språk, sjølv om det kan sjå ut som skrivefeil.

Klammer

Ved å setje enkelte typar informasjon i klammer, kan me enkelt sortere den informasjonstypen på ulike felt når transkripsjonane skal visast på den framtidige nettsida Samla.no. Å setje informasjonen i klammer gjer det også enkelt å overføre all informasjonen mellom ulike system.

Lineskift

For at dei avskrivne tekstene skal visast godt på nett ilag med dei skanna kjeldene, er det viktig at det er så mykje som mogleg like mange liner i transkripsjonen som i den digitale kjelda. Det gjer det også enklare å navigere for dei som skal lesa transkripsjonen opp mot kjelda.

Nokre omgrep

Å transkribere tyder å overføre. I dette prosjektet brukar me transkribering om å overføre tekst skriven for hand eller på skrivemaskin til digital tekst som er skriven på datamaskin. Transkriberinga gjer at teksta blir lesbar for fleire, og søkbar digitalt. Transkribere kan brukast synonymt med avskrift.

NEG er kortforma til Norsk etnologisk gransking.

Spørjeliste, emneliste eller liste er lister med gjerne nummererte spørsmål som NEG sender ut.

Meddelar, forteljar, informant eller heimelsmann er folk som har skrive svar på spørsmåla til NEG.

Spørjelistesvar, svar eller forteljing er tekstene som meddelarane har skrive som svar på spørjelistene til NEG.

Kjelde eller primærkjelde er spørjelistesvara som meddelarane har skrive og sendt inn til NEG

Aksesjonsnummer eller tilvekstsnummer er arkivnummeret som står stempla på kvar side i spørjelistesvara (1-5 siffer).

Obs!

Skriv gjerne med tilbakemeldingar og forslag til endringar. Me ynskjer å lære og tek til oss alt for å forbetra oss underveis.